



FAGFORBUNDET | Årdal

Årsberetning 2025

for

Fagforbundet 220 Årdal

Behandla av årsmøtet den 16.01.2026





Innleiing

Fagforeininga si årsberetning er fagforeining styret sin rapportering til medlemmene for kva grad styret har lykkast med å gjennomføre handlingsplanen som årsmøtet vedtok for perioden. Fagforbundet Årdal har tatt i bruk dei maler som er utarbeida frå Fagforbundet.

Hovedoppgåvene til fagforeininga er å ivareta medlemmane sine lønns- og arbeidsvilkår, bistå medlemmar og drive fagligpolitisk påvirkning. Styret skal og sjå til at tillitsvalgtordningen fungerer og at de får den opplæringen dei har behov for.

**Styret har i perioden hatt følgende sammensetning:**

Fagforeningsstyret	Navn	Organisatorisk frikjøp og frikjøpsprosent	Honorar i kr	Ansvarsområde etter vedtektene og retningslinjene
Leder	Janne Kamilla Høvik		40000	
Nestleder	Marianne Raudi Guttormsen		9900	
Opplærings- ansvarlig	Janne Kamilla Høvik		5000	
Kasserer	Benedicte Olsen Berge		9900	
Leder yrkesseksjon helse og sosial	Preben Larsen		5000	
Leder yrkesseksjon kirke, kultur og oppvekst	Cecilie Hammer		5000	
Leder yrkesseksjon samferdsel og teknisk	Ingeborg Hjelle		5000	
Leder yrkesseksjon kontor og administrasjon	Linda Høl Øvstetun		5000	
Ungdomstillitsvalgt	Emma Sofie Vinda		5000	
Pensjoniststillitsvalgt	Inge Moen		5000	
Styremedlem	Espen Hestetun		2500	
Styremedlem	Katrine Lomheim Nundal		2500	
Fane 2 behandler	Janne Kamilla Høvik		9900	
Sekretær	Benedicte Olsen Berge		8000	

Fagforeningens hovedtillitsvalgtfrikjøp i 2025:

Verv	Navn	Frikjøpsprosent	Tariffavtale
HTV	Janne Kamilla Høvik	100%	KS



Representanter til fylkesstyret representantskap/fylkesmøte

Til Fagforbundet 220 sitt Representantskap/fylkesmøte har fagforeningen hatt følgende representanter:

- Leiar, Janne Kamilla Høvik
- Nestleiar, Marianne Raudi Guttormsen
- Yrkesseksjonsleiar Helse og sosial, Preben Larsen
- Vara: Inge Moen
- Vara: Linda Høl Øvstetun
- Vara: Emma Sofie Vinda
- Vara: Cecilie Hammer
- Vara: Ingeborg Hjelle

Representanter til LO lokalt

Leiar Janne Kamilla Høvik, Sekretær i Lo Årdal og omland.

Valgkomitéen

Valgkomitéen i henhold til vedtektene har bestått av:

Leder	Katrine Lomheim Nundal
Nestleder	Marianne Raudi Guttormsen
Representant for yrkesseksjon Kontor og administrasjon	Linda Høl Øvstetun

Dei øvrige yrkesseksjonsleiarane og styret har og bistått valnemnda.

Revisorar

Til å revidere fagforeninga sitt regnskap, har det vore følgende revisorar og vara:

1: Aud Andersen

2: Wenche Nondal

Vara: Wenche Irene Sjøstad

Kontorforhold

Fagforbundet Årdal disponerer lokale i Lo huset til Lo Årdal og Omland.

Ansatte

Ingen egne ansatte.



Økonomi

Bankinnskudd 31.12.2024	Bankinnskudd 31.12.2025	Egenkapital 31.12.2024	Egenkapital 31.12.2025	Verdi av fast eiendom (hytter, feriehjem, aksjer i eiendom, stiftelser etc.)
1 657 630,62	1 590 799,69	1 657 630,62	1 590 799,69	

Angående budsjett og regnskap visast det til eiga sak i årsmøtet.

Andre eiendeler

Ingen andre verdier av større verdi.

Beskrivelse av fagforeningens organisasjonsområde - medlemmer og tillitsvalgte fordelt på tariffområder

Fagforeningen har per 31.12.2025 medlemmer innenfor følgende tariffområder:

Rapporten tas ut på kode AG-R9011 i fane 2

Tariffområde	Antall medlemmer
KS	299 (289 + 10)
Spekter 028	1
Virke	
KA	3
Staten	
NHO	

Medlemmer uten tariffavtale

Fagforeningen har per 31.12.2025 medlemmer hos følgende arbeidsgivere uten tariffavtale:

Rapporten tas ut på kode AG-R 9012

Arbeidsgiver	Antall medlemmer
Årdal Energi Holding	1
ÅBBL Drift as	1



Fagforeningens klubborganisering hos ulike arbeidsgivere

(jfr. vedtektenes § 11.7).

Arbeidsgiver	Tariffområde	Navn på klubbleder (tillitsvalgt etter hovedavtalen)
Årdal kommune	KS	Janne Kamilla Høvik (HTV)
Årdalstangen barnehage	KS	Vilde Bakken
Einhaugen barnehage	KS	Marianne Vikøren
Haugane barnehage	KS	Tina Rasmussen
Farnes barnehage	KS	Kjetil Sørum
Ve barnehage	KS	Anita Pedersen
Uravegen Barnehage	KS	Wenche Kvarsvik
Farnes skule	KS	Stine Torvund Stenersen
Tangen skule	KS	Julie Kvamme
Rådhuset	KS	Lene Risløw
Bibliotek og kultur	KS	
Legekontor	KS	
Seimsdal sjukeheim	KS	Nina Kjos
Årdal sjukeheim	KS	Katrine Lomheim Nundal
ÅBO/korttidsavd + ALS	KS	Linda Lomheim
Heimesjukepleien	KS	Linda Lomheim
Klyngetunet	KS	Marianne Raudi Guttormsen
Uravegen bufellesskap	KS	Marianne Raudi Guttormsen
Grandane Bufellesskap	KS	Ann Evy Lerum Elin Solheim
Psykisk helseteneste	KS	Linn Hege Lereng Einan
Reinhald	KS	Randi Eide
Utedrift	KS	Ingeborg Hjelle
Driftsansvarlige	KS	Espen Hestetun
Vatn og avløp	KS	Espen Hestetun
Vestland fylkeskommune		
Årdal VGS	KS	
Årdal tannklinikk	KS	



Koordineringsledd

Har vore deltakande i samarbeid med Ecura og Vestland fylkeskommune.

Ingen roller i samarbeidet

Alle medlemmar i Ecura blei i november overført til Fagforbundet Gjøvik.

Medlemsutvikling

Fagforeningens vervemål:		Fagforeningens vervemål for yrkesaktive:			
Vervemål totalt:	Måloppnåelse:	Vervemål yrkesaktiv:	Måloppnåelse:		
25	19				
Medlemstall totalt:		Yrkesaktive totalt:			
01.01.25	31.12.25	01.01.25	31.12.25		
614	589	336	305		
Antall yrkesaktive medlemmer under 30 år:		Antall pensjonistmedlemmer			
01.01.25	31.12.25	01.01.25	31.12.25		
42	38	257	252		
Studenter:		Lærlinger:		Elever:	
01.01.25	31.12.25	01.01.25	31.12.25	01.01.25	31.12.25
4	3	8	10	9	7
Antall yrkesaktive medlemmer KS			Antall yrkesaktive medlemmer Spekter		
01.01.25	31.12.25	01.01.25	31.12.25	01.01.25	31.12.25
322	299 (289 ÅK + 10 VFK)	1		1	
Fagforeningens vervemål for lokale satsingsområder					
01.01.25	31.12.25				

Styret, tillitsvalde og Hovudtillitsvald har jobba kontinuerleg med verving og for å behold medlemmane vi har i Fagforbundet.

Vi har hatt lokal vervekonkurranse både for vervar og for nye medlemmar.

Dette er eit arbeid vi tenker å jobbe endå meir med i 2026



Møtevirksomheten

Årsmøtet ble avholdt 24.01.2025 og behandlet følgende saker:

- Godkjenning av sakliste og innkalling
- Konstituering
- Årsmelding 2024
- Handlingsplan 2025
- Rekneskap
- Innkomne saker:
- Lo Årdal – økonomisk støtte til drift av Lo huset
- Arbeiderarkivet i Sogn og Fjordane
- Fane til fagforbundet Årdal
- Budsjett
- Val

Det er avholdt fleire medlemsmøter bla.

Tariff medlemsmøte

Val av HTV

Medlemsmøte Grandane bufellsskap

Medlemsmøte Uravegen Bufellesskap

SFO Tangen og Øvre

ÅBO

I tillegg har HTV hatt fokus på å vore med på personalmøter i einingane.

Møtene behandlet følgende saker:

Valg av tillitsvalgt

Behandling av aktuelle saker

Det er avholdt 8 styremøter.

Styret har behandlet 100 saker.

Styret har behandlet relevante rundskriv

Beskrivelse av saker som har vært tidkrevende:

Få styret til å jobbe på ein god måte.

Fane

Andre møter /samlinger i fagforeningens regi:

Opplæring for alle tillitsvalte i KS

Opplæring for tillitsvalte i turnus. Internt turnuskurs

Styrekurs for heile styret

Gjennomgang av Årdalsforsikringen

Tariff medlemsmøte

Trinn 3 opplæring i samarbeid med Indre sogn forreningane – ingen frå Årdal hadde muligheit til å delta.

Sosiale aktiviteter:

Stand



Motivasjonsforedrag «Idiotene på jobben»
Taco kveld
Utdeling av julegåver til einingane
Julemiddag for tillitsvalte og styret

Utvalgenes virksomhet

Ungdomsutvalget

Ungdomstillitsvalt Emma Sofie Vinda

Deltatt på årsmøte 2024 og styremøter

Vore på fagpolitisk kurs 18-20 mars

Dette var ei fin oppleving der eg hadde nokre innhaldsrike dagar. Me var blant anna på Utøya. Der fekk vi omvisning, samt fekk høyra historiar frå 22. juli. Dette var ei sterk oppleving, men ein utruleg fin oppleving som eg er glad eg fekk oppleve.

Vi beørskte og stortinget, fekk omvisning der og snakka med fleire politikarar. Der fekk vi og vete korleis vi skal gå fram vis ein har forslag til stortinget.

Deltatt på fylkeskonferanse for ungdom 23-25 april

Har og vore med å jobba med debattheftet til tariffoppgjeret.

Deltatt på medlemskveld 3. september

Pensjonistutvalget

Pensjonist- og uføreutvals leiar Inge Moen

Utvalet har bestått av Inge Moen, leiar. Sigmund Solvoll som medlem.

Utvalet har arbeida med å få inn ein vara. Hans Otto Tråi er blitt vara.

Inge og Sigmund har vore i Bergen på konferanse både på vårparten og hausten.

Der er det mykje fagleg påfyll. "

Godt samarbeid med leiar i pensjonistutvalet på fylket.

Pensjonistutvalet er delt inn i soner der vi no er ein del av sona Indre Sogn. Har tru på eit godt samarbeid.

Pensjonistutvalet har fleire saker lokalt dei treng å arbeide med.

Leiar er og med i eldrerådet. Eldrerådet har hatt to møter med AP kring budsjett der leiar har spelt inn saker til budsjettet so mfagforbundet er opptatt av.

Leiar av pensjonistutvalet har og delteke på styremøter og styreseminar.



Seksjonsstyret for yrkesseksjon helse og sosial

Yrkesseksjonsleiar Preben Larsen

Delteke på seksjonsleiarsamling Bergen/Flesland 7-8 april

Har i lag med andre seksjonsleiarar i regionen planlagd og arrangert kurs for medlemmer innanfor seksjonen, i år var det temadag om vald og truslar

Har delteke på fleire digitale samlingar i fylket med seksjonsleiarar

Delteke i representatskap og tariffkonferanse 15 og 16 oktober saman med leiar og nestleiar.

Elles delteke på styremøte gjennom året

Seksjonsstyret for yrkesseksjon kontor og administrasjon

Yrkesseksjonsleiar Linda Høl Øvstetun

Deltatt på årsmøte og styremøter.

Vore på styrekurs i Loen ei helg.

Arbeidsplassbesøk på rådhuset saman med leiar i Fagforbundet Årdal og Magne Hestad frå Fagforbundet Vestland

Seksjonsstyret for yrkesseksjon samferdsel og teknisk

Yrkesseksjonsleiar Ingeborg Hjelle

Var med på gjennomføring av årsmøtet 24.

Deltok på seksjonsleiarkonferanse Fagforbundet i mars i Bergen. Gjekk gjennom tema som organisering av tenester, fellesskapets verdiar, lærlingeordninga og utdanning. Arbeidde med utsegner til landsmøtet 25.

Vore med på styrekurs, der me i all hovudsak gjekk gjennom styret si rolle i fagforbundet.

Vore med på forberetingar, og sete i streikekommiteen, i tilfelle streik.

Vore med på seminar om kommuneøkonomien og medlemsmøte om tariff.

Var med på planlegging, og gjekk i 1. mai tog.



Sat på stand på torget i Øvre i samband med valet.

Var med på gjennomføring av foredraget «Idiotene på Jobb» i kinoen på Tangen.

Hadde arbeidsplassbesøk fra Fagforbundet Vestland, der me besøkte Utedrift (FDV og Va var også invitert) og Reinhald i Øvre.

Kurs- og webinarilbud frå sentralt hald har blitt formidla til medlemene, samt utlevering av diverse anna informasjon. Følgd opp førespurnadar.

Var med å jobba med innspel til Årdal kommune 25, delteke på styremøta, og prøvd å verve nye medlemmer.

Har jobba med fana, som no er komen i hus.

Seksjonsstyret for yrkesseksjon kirke, kultur og oppvekst

Yrkesseksjonsleiar Cecilie Hammer

Delteke på styremøtene.

Vore på styrekurs i Loen ei helg. Nyttig å lærerikt for nye styremedlemmar, gav grunnlag for eit godt samarbeid med resten av styret.

Delteke på fylkeskonferanse for yrkesseksjonsleiarane i Bergen. To dagar. Her tok me føre oss ulike temaer som å ta fagbrev på jobb, politiske bevegelsar og arbeid med hovudlinjer. Deling på tvers av kommunar korleis ting foregår og korleis arbeid i fagforeningar blir drevne.

Medlemsmøte for tilsette i barnehagane. Nedbemanning og omstrukturering.

Arrangement for barnehagetilsette på 1 mai. Me gjekk i tog for å markere behov for økning i klesgodtgjerdsla og nok bemanning. God oppslutning på dette.

Arrangert medlemskveld, Idiotene på jobben og valg av tillitsvalgt og informasjon om forsikringar.

Arrangert kurs for tilsette i oppvekst. Del 1 av to. neste kurs i januar.



Hovedtillitsvalt KS Årdal Kommune:

HTV Janne Kamilla Høvik

Det har vore lagt opp til tillitsvalt samling på vårparten der alle tillitsvalte var inviterte. Det har vore lagt opp til ei samling for tillitsvalte innan turnus for gjennomgang av reglar i turnus.

Det har blitt jobba med å få involvert plasstillitsvalte meir enn det dei har vore tidlegare.

Omstillinga i kommunen har vore eit viktig arbeidsområde gjennom året. Det har og blitt jobba med innvolvering. Det er viktig at vi blir involvert i dei prosessane vi skal vere involvert i og at drøftingsplikta blir overholdt. Dette er arbeid som har blitt jobba mykje med. Fagforbundet har eit høgt fokus på å vere involvert i prosessar for at medlemmane skal vere godt ivaretatt.

Det er blitt sendt inn krav for medlemmane som har etterspurt om dei har krav på høgare stilling etter AML §14.

Det er og sendt inn andre krav frå medlemmar.

HTV har prøvd å vere deltakande ute i einingane blant medlemmane sjølv om ein helst skulle vore dette i større grad.

Det har blitt gjennomført lønnsforhandlignar for kap 3 og 5.

Forberedelse til evt streik i KS var og eit viktig arbeid.

HTV har deltatt på kurs gjennom Fagforbundet både fysisk og via teams. I tillegg vore på arbeidsrettseminar og arbeidsmiljøkonferansen.



Fagforeninga sine aktiviteter og utfordringer på kort og lang sikt

Oppsummering av året:

Fagforbundet i Årdal ser tilbake på 2025 eit aktivt år. Vi har hatt fokus på korleis eit fagforreningsstyre skal jobbe både organisatorisk og ute i felten. Vi starta derfor året med å reise på styreseminar for å gi oss auka kunnskap og kunne jobbe målretta. Der fekk vi opplæring i fagforreningsarbeid av Rita Jordal (nestleiar Fagforbundet Vestland) og Sølvi Anne Birkeland (regionsekretær Fagforbundet Vestland) vi fekk og arbeida med å planlegge kva vi ville gjere i året som vi hadde framfor oss. Styreseminaret var noko som var planlagt i fleire år og som ikkje ein hadde fått gjennomført. Vi opplevde dette som svært nyttig for oss. Det var stort fokus på opplæring, planlegging og litt sosialt samvær for å bli kjende.

I mars var Janne Kamilla, Marianne og Inge på representantskapet i Fagforbundet Vestland. Dette er årsmøtet til Fylkesforringane. Her er det medlemsmassen vår som bestemmer kor mange representantar vi kan reise med. Årdal kan reise med tre representantar. Her var det val til dei ulike funksjonane i fylkesstyre. Det blei og valt inn representantar til landskonferansen og landsmøtet.

Lønnsoppgjeret i KS enda i mekling med fare for streik. Vi forberedte oss til streik. Det var ein god del arbeid med. Lister måtte oppdaterast, medlemmar måtte kontaktast for å hente inn informasjon. Heldigvis blei streiken avblåst i sist stund.

Fagforbundet Årdal var igjen representert under 1. mai markeringa. I år gjekk vi med bannera for å markere behovet for meir bemanning i barnehagane og for gratis arbeidskle til alle yrkesgrupper.

I år var det stortingsval. Fagforringane skal då vere aktive i det politiske arbeidet og arbeider inn mot dei partia som støttar våre saker. Fagforbundet Årdal sto på stand på Årdalsmarknaden som var i Øvre i juni. Flott veir, god stemning og mange medlemmar innom. I tillegg har vi hatt arbeidsplassbesøk på utedrift og reinhald, FDV/VA var og invitert. Vi var og på to standar til i Øvre i lag med LO Årdal og omland. HTV/Leiar var og med på arbeidsplassbesøk på ÅBO når Kommunal og distriktminister Kjersti Stenseng besøkte bygda i sommar. I tillegg har vi vore på arbeidsplassbesøk på rådhuset og på ÅBO i forbindelse med fagforbundsveka i juni.

I september hadde vi tariffmedlemsmøte med tacobuffet. Dette var ei innspelsøkt for medlemmane med å komme med innspel til kva vi skulle ta med oss til tariffkonferansen på fylket.

I oktober var vi på tariffkonferansen til Fagforbundet Vestland. Der var vi representert med tre representantar.

Der hadde vi sendt inn uttale på tariffkrav som vi meinte måtte prioriteres når ein skal forhandle ny hovedtariffavtale under hovedoppgjeret i 2026. Uttalen var utarbeida på



bakgrunn av det som kom fram frå tariff medlemsmøtet vi hadde. Leiar var i tillegg på talarstolen å la fram våre krav.

HTV/Leiar og nestleiar har og hatt ei runde rundt til tillitsvalte for å følgje dei opp. Vi har dessverre ikkje rekt å komme gjennom til alle, men dette arbeidet vil vi ta opp igjen.

Vi har og hatt opplæring for tillitsvalte. Ein felles dag for alle tillitsvalte og ein dag for turnusgjennomgang for dei som arbeidar med turnus. Dette for at dei skal vere ekstra styrka i rolla si som tillitsvalt og kunne gi deg som medlem den beste hjelpa. Det blei og lagt opp til felles trinn 3 opplæring med resten av sogne forreiningane. Der hadde dessverre ingen frå Årdal moglegheita til å delta.

I november hadde vi eit motivasjonsforedrag om «Idiotene på jobben». Dette var både for medlemmar og andre. Dette med stor suksess synst vi.

Fagforbundet Vestland arrangerte kommunikasjonskurs i Førde i november. Der var leiar og nestleiar deltakande. Målet med kurset var auka kunnskap og kompetanse i det å framstå bla i media og sosiale media.

I slutten av november hadde vi besøk av Bjørn Kristian Rudaa frå Fagforbundet ved Omstillingsenheten. Han hadde budsjettseminar med oss og politikarane i Årdal i forhold til kommuneøkonomien. Det var representantar både frå Arbeiderpartiet og Høgre.

Før budsjettet til Årdal kommune blei vedtatt i kommunestyret sendte vi inn uttale til budsjettet.

Året blei avslutta med julemiddag for styret og tillitsvalte.

Styret har og hatt fokus på synleggjering av styret og tillitsvalte i år. Det er derfor kjøpt inn jakker til alle tillitsvalte på arbeidsplassane og jakker og ytterjakker til alle i styret for bruk når vi representerar Fagforbundet.

Utfordringar:

Styret ser at å drive arbeidet er tidkrevande. Alle er i fulle jobbar utanom og det har vore utfordrande å fått frikjøpt. Styret har sett på det som positivt at vi har brukt ei heil helg til fagforreningsarbeid der vi har fått hatt fult fokus.

Vi må og jobbe vidare med å få tillitsvalte aktive i rollene sine.

Sjukelønnsordninga har vore eit varmt tema i den siste tida. Vi ser på å ha gode arbeidsmiljø på arbeidsplassane som ein viktig faktor i kampen om lågare sjukefråvær.



Målsettinger og planer i perioden

Heltid, likelønn og kampen for mindre forskjeller

Tiltak

- Fleire kommunar har starta arbeidet med å etablere ein heiltidskultur
- Færre jobbar deltid, fleire av fagforbundet sine medlemmar har heile faste stillingar.
- Lønnsgapet mellom kvinner og menn vert mindre.
- Forbetre og trygge medlemmane sine pensjonsrettigheter. Målrette innsatsen i privat sektor og tariffesta kjønnsnøytrale og livsvarige pensjonsordningar.

Fagforeningens målsetting:

I 2023 låg Årdal kommune på 16. plass på landsbasis med ein gjennomsnittleg stillingsprosent på 69,1%. I 2024 var heiltidsandelen auka ytterlegare. I tillegg ligg Årdal kommune på 8. plass på landsbasis for tilsette i turnus.

Dette skal vi jobbe for å bevare og forbetre.

I tillegg skal HTV på kurs i forhandling i regi av Fagforbundet Vestland

Måloppnåelse:

Vi har jobba aktivt for å bevare heiltidskulturen for tilsette i kommunen. Dette blir gjort ved at alle stillingar som vi organiserar blir vurdert av HTV. Det blir etterspurt om dei ikkje er 100% stillingar om det ikkje er opplagte grunnar til at det ikkje blir lyst ut som 100%. Medlemmane vi har utanfor kommunen har full stilling.

Det har og blitt sendt inn krav for medlemmar etter AML 14.4a (1.årsregelen) og 14-9(7) (3.årsregelen) når dei tar kontakt.

Det har blitt gjennomført lønnsforhandlingar for tilsette i kap 3 og 5 i KS.

Vi har og medlemmar som vi må sjekke ytterlegare opp om tariffavtale innan dei private områda vore kring det å ha tariffavtale.



Gode offentlige tjenester med egne ansatte

Tiltak

- Konkurransetsetting, privatisering og sosial dumping bekjempas gjennom påvikringsarbeid, kartlegging, kunnskap og skulering.
- Offentlig finansierte tenester konkurransettestast ikkje, og ein større del av tenestene i kommunane, fylkeskommunane og i helseforetak drivast med egne tilsette.
- Jobbe politisk for å påverke for å beholde tenester i eigen regi.

Fagforeningens målsetting

Jobbe politisk for å påverke for å beholde tenester i eigen regi.

Halde fram arbeidet med å redusere bruk av vikarbyrå .

Måloppnåelse:

Ingen tenester i kommunen er snakka om å sette ut på anbud.

Det blir jobba aktivt med å redusere vikarbruken frå innleige av eksterne aktørar.

Dette blir bla jobba med å synleggjere behovet vi har for å ha fleire tilsette enn det grunnbemanninga vår viser.

Organisasjonsbygging og tariffmakt

Tiltak:

- Styrke tariffmakt i KS – området
- Styrke tariffmakt i Spekter helse
- Styrke makta i NHO området
- 10% auke av lærling medlemmar
- 10% auke av studentmedlemmar
- Tillitsvalte nyttar fagforbundet sine ulike kommunikasjonsplattformer i arbeidet
- Tillitsvalte har kompetanse og verktøy til å utføre sine verv.

Fagforeningens målsetting

Halde oppe fokus på inkludering og verving

Auke aktiviteten på facebook sida vår.

Opplæring av tillitsvalte i bruk av klar.



Måloppnåelse:

Vi har laga ein eigen verve konkurranse med muligheit for å vinne premie både for vervar og det nye medlemmet.

Det har blitt sendt oppmoding til tillitsvalte om å verve nyttilsette spesielt vikarar.

Vi har og jobba for å auke aktiviteten på facebook sida vår ved å dele ting som er relevant.

Det har og vore tillitsvalt opplæring for alle plasstillitsvalte der opplæring av klar var ein del av opplæringa.

Vi har og lagt opp til foredrag for medlemmane våre for å sikre eit fellesskap blant medlemmane og for å gi dei motivasjon til å jobbe mot betre arbeidsmiljø.

Fag- og tjenesteutvikling

Tiltak

- Prioriterte yrkesgrupper og områder synliggjerd
- Fleire medlemmar har tilbod om relevant kompetanseheving
- Antall læreplassar samsvarer med arbeidets og samfunnets behov.
- Fagforbundet er ein aktiv aktør i klimapolitikken og medlemmane tar del i det lokale klima og miljøarbeidet.

Fagforeningens målsetting

Jobbe for at det gode antallet lærlingar og studentar blir opprettholdt.

Måloppnåelse:

Det har blitt jobba for at fleire skal få ta fagbrev på jobb.

Ein ser dessverre ein utvikling der økonomien er lav og det kan vere utfordrande å få tatt vidare utdanning med lønnskompensasjon.

Det er blitt jobba med å inkludere tillitsvalte i arbeidet med kompetanseplanar for arbeidsplassen.



Alliansebygging, myndighetskontakt og fagligpolitisk påvirkning

Tiltak

- Engasjoere medlemmar og tillitsvalte til å fremme fagforbundet sin politikk
- Fleirtallet av fagforbundets medlemmar har brukt temmeretten i stortingsvaltet i 2025, og samt stemme på part som støttar forbundet sine mål og arbeid.
- Bygge kunnskap og alliansar for klima og miljø saker nasjonalt og lokalt.
- Ha eit godt samarbeid med parti som deler Fagforbundets Ideologi og verdier.

Fagforeningens målsetting

Reforhandle samarbeidsavtale med Arbeiderpartiet i Årdal og i tillegg sjå om det er mogleg å få til avtale med andre parti.

Prøve å få plass på fagpolitisk seminar i regi av Fagforbundet for eit par medlemmar frå styret i løpet av 2025.

Nytte Fagforbundsveka på vårparten til å drive arbeidsplassbesøk, medlemsmøter, stand med tema valgkampen 2025.

Måloppnåelse:

Det er endå ikkje laga ein formell samarbeidsavtale med Arbeiderpartiet i Årdal. Dette må ordnast.

Ungdomstillitsvalt har deltatt på fagpolitisk seminar.

I juni stod vi på stand under fleire periodar og i lag med LO Årdal og Omland. Størst oppslutnad hadde vi på Årdalsmarknaden. Der blei det delt ut ulike flyge blad om viktigheten av å stemme. Der bli det delt ut drikkeflasker til alle medlemmar som kom innom.

Vi hadde og arbeidsplassbesøk på bla rådhuset, Åbo, utedrift og reinhald i forbindelse med valgkampen.

Vi har og hatt trinn 1-3 opplæring for å sørge for at alle tillitsvalte får opplæring i Fagforbundet sin politikk. Dessverre var det ikkje nokon frå Årdal som var med på Trinn 3. Vi må sørge for at alle tillitsvalte både i styret og plasstillitsvalte får trinn 3 opplæring relativt raskt.

Digitalisering

Tiltak

- Nasjonal/offentleg skyteneste vedteke.
- Digitale løysingar i offentlig sektor er integrert i partsamarbeidet
- Det er sett i gang arbeid med å motvirke digital utenforskap
- Forbetre digital kompetanse hos tillitsvalde



- Tillitsvalte har enklare tilgang til relevant informasjon og verktøy for å utøve vervet.

Fagforeningens målsetting

Få styret i gang med org 365

Få alle plasstillitsvalte inn i KL*AR og trygge i verktøyet

Måloppnåing:

Vi har fått tilgang til org 365. E post løysing. Pr dags dato er det kun leiar som har org adresse frå fagforbundet. Dei andre i styret har ikkje hatt ønske om det då dei nettopp har fått kommunal epost og synst det er greit å bruke denne.

Det er oppretta teams der alle i styret er deltakarar. Dette må vi jobbe meir med i 2026 for å få det oppå fungere.

Alle tillitsvalte har fått ein liten opplæring i KL*AR. Dette må og jobbast meir med.

Faglig/politisk utvalg

Er samarbeidsavtalen mellom Fagforbundet og Arbeiderpartiet fulgt opp med lokal avtale og aktivitet? Er det inngått avtale med andre politiske partier i så tilfelle hvilke.

Har fagforeningen samarbeidsavtale med AP?	Hvis ja, sett inn ja	Hvis nei, beskriv hvorfor ikke	Hva skal til for å få dette til?
Nei		Den er ikkje formallisert.	Få gjennomført det.

Har fagforeningen inngått avtale med andre politiske partier?	Hvis ja, sett inn hvilke politiske partier.		

Kurs og konferanser

Planlagte kurs og konferanser for tillitsvalgte valgt etter hovedavtalene.

Type kurs:	Antall TV gjennomført	Dato gjennomført	Registrert i AOF
Trinn 1	2	Januar	
Trinn 2	2	29.03.2025	
Trinn 3			
Trinn 4			
Trinn 5			

**Planlagte kurs og konferanser for tillitsvalgte valgt etter vedtektene**

Type kurs:	Antall TV gjennomført	Dato gjennomført	Registrert i AOF
Trinn 1	6	Januar	
Trinn 2	6	29.03.25	
Trinn 3			

Andre kurs og konferanser

(Øvrige typer kurs, konferanser, seminar, opplæringstiltak med videre - som tillitsvalgte har deltatt på i regi av andre enn fagforeningen, for eksempel toppskolering og Fase 3)

Type kurs	Arrangør	Antall deltakere	Dato gjennomført
Turnus kurs	Fagforbundet Vestland	1	Juni 25
Alternativ arbeidstid	Fagforbundet Vestland		
Kommunikasjonskurs	Fagforbundet Vestland	2	Nov 25
Arbeidsmiljø konferansen	Fagforbundet, utdanningsforbundet og KS	1	Oktober 25
Arbeidsrettseminar	Lo advokatene	1	November 25
Samling HTV KS	Fagforbundet Vestland	1	Juni 25
Konflikt beredskap	Fagforbundet Vestland	2	April 25
Fane 2	Fagforbundet Vestland	1	April

Kort orientering om bruk av midler til organisasjonsrettet opplæring:

- Det blei holdt styrekurs for heile styret ei helg.
- Det har blitt holdt opplæring lokalt for alle tillitsvalgte
- Det har vore turnus gjennomgang for tillitsvalgte i turnus i august



Fagforeningens anvendelse av organisatorisk frikjøp/ «spleiselag»

Har fagforeningen søkt om økonomiske midler til organisatorisk frikjøp?

Ja, midlane er brukt til medlemsoppfølging og styrearbeid.

Har fagforeningen vurdert å samarbeide med andre fagforeninger om frikjøp?

Nei



Sted og dato

Fagforeningsleder

Nestleder	Opplæringsansvarlig
Kasserer	Leder yrkesseksjon kirke, kultur og oppvekst
Leder yrkesseksjon helse og sosial	Leder yrkesseksjon kontor og administrasjon
Leder yrkesseksjon samferdsel og teknisk	Pensjonisttillitsvalgt
Ungdomstillitsvalgt	Styremedlem
Styremedlem	Styremedlem
Styremedlem	Styremedlem
Styremedlem	Styremedlem